



Error! Not  
a valid  
filename.

## Møteprotokoll Eldrerådet

**Møtedato:** 07.09.2021

**Møtestad:** Kommunehuset - kantina

**Møtetid:** 18:00 - 21:00

### Saker:

Kommunalsjef Helse og omsorg Monika Kvamme kjem for å snakka om Eldremeldinga.

Eldredagen: Praktisk rundt dette, som invitasjon av 100-åringar med meir.

Konferanse om velferdsteknologi, kven bør stilla

Elles blir det orientert om framgang for saker rådet har hatt opp, som:

- Status datakurs
- Internett Nordliheimen
- Buss-skur

Kom gjerne med innspel om det er noko de vil ta opp 😊

Klokka 17-18 er det fellesmøte saman med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), der kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug vil orientera om strategiarbeid.

Kommunestyret skal ha ei strategisamling i Kilstraumen 15. og 16. september, og Fjellhaug vil ha med seg innspel frå råda dit.

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Solveig Hopen	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Ivar Bergsvik	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Monika Kvamme

---

Gro Vigdis Johannessen  
møteleiar

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
019/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
020/21	Godkjenning av møteprotokoll
021/21	Orienteringssak

## **019/21: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **07.09.2021 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

### **ER - 019/21 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **020/21: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **07.09.2021 ELDRERÅDET**

Handsaming i rådet:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samråystes vedteke

### **ER - 020/21 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **021/21: Orienteringssak**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

## **07.09.2021 ELDRERÅDET**

Leiar Gro Johannessen refererte frå møtet i RMNF tidlegare same ettermiddag. RMNF vil støtta eit varsla innspel om trafikksikring langs fylkesveg 565. Eldrerådet støttar at Gro Johannessen, på vegner av rådet, gjev si støtte til dette innspelet. Det vil komma tilsvarande støtte frå ungdomsrådet.

Leiar Gro Johannessen orienterte om kjøreplanen for Eldredagen 2021, som Rigmor Ludvigsen har laga for gjennomføringa av Eldredagen på Austrheim Samfunnshus.

Har på planen for neste år om ein skal invitera presten til samfunnshuset, for å gjera det lettare arrangementsmessig enn å ha det delt med kyrkja først og samfunnshuset etterpå.

Den detaljerte planlegginga av dagen er delegert til Gro Johannessen, som ordnar dette i samarbeid med Rigmor Ludvigsen.

I oktober vert det datakurs, i regi av kommunen med Cecilie Fonnes Hjelmtveit som instruktør. Kurset er gratis for deltagarane. Eldrerådet vil be om å få overført sine 10.000 kroner løyvd til datakurs til 2022, som eit oppfølgande kurs etter at Frivilligsentralen har det første kurset i haust.

Kan evt. ha to kurs om det er naudsynt. Frivilligsentralen fekk 30.000 kroner eksternt til dette kurset, har fått gjennomføringa utsett på grunn av Korona.

Deltaking på Vestlandsprosjektet sin erfarings- og sluttkonferanse, møtesekretæren sjekkar med Monika Kvamme at Eldrerådet får ha med to deltagarar.

Møtesekretæren orienterte om nett til Nordliheimen. Semje i rådet om at det må komma godt nett på plass i bygget og bygg rundt. Det er sjølv sagt i dag at ein har bra nett og kan velja sjølv kva ein vil sjå på.

Møtesekretæren sjekkar med kommunedirektøren om det er behov for eit møte tidlegare enn 9/12, for budsjettarbeidet. Kanskje ha eitt tidlegare møte og så kutta 9/12?

Dei som ikkje kan møta må gje beskjed i så god tid at ein kan kalla inn vara, for å unngå at rådet ikkje er for få til å ta avgjerder. I dag møtte berre tre av rådet. Startar med praksis om at ein svarer ut mailen når det er innkalling.

Kommunalsjef Monika Kvamme:

- Orienterte om arbeidet med innføring av omsorgsteknologi på Nordliheimen, meir som skal utviklast og på plass.
- Kjem tilbake til RMNF og Eldrerådet om arbeidet med Eldremeldinga som startar no. Tar kontakt med leiarane i råda om å delta i ei referansegruppe, saman med kommuneoverlegen og fleire andre. Er nye utfordringar, meir avansert pleie i heimen, og fleire eldre må bu heime lengre.
- Kjem med ei revidert eldremelding til kommunestyret før jul.
- Ser på korleis eldre kan bu heime med hjelpemiddel og brannsikring, får råd frå forvaltingskontoret saman med ergoterapeut.
- Sjå på kva tenester ein treng framover, kanskje ernæringsfysiolog?
- Orienterte om arbeidet med vaksinering for Korona.
- Orienterte om etablering av samla teneste for fysioterapeut og ergoterapeut i lokale ved Mastrevik Torg. Også privatpraktiserande Roger Villanger etablerer seg der.
- Orienterte om bemanning legekontoret. Det er lyst ut ei tredje legestilling, og

sjukepleiarar. Har tre Lis-legar der i dag.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte:

- Satsar på Familiens Hus, med eit tettare samarbeid mellom tenestene.
- Ny kommunalsjef oppvekst er på plass frå desember.
- PPT-tenesta er i utviding med overføring av tilsett frå Masfjorden til Austrheim, for etablering av Fensfjorden PPT.
- Kommunen har vore gjennom ein prosess med å komma seg ut av Robek, men må spara vidare, for å sikra seg ein driftsreserve for uføresette utgifter.
- Satsar på ei digitalisering på 5 prosent årleg, jobba på ein annan måte i framtida for å verta meir effektiv.
- Demografisk er det utfordrande ved at 50 pluss aukar, får også fleire på over 80 år samstundes som det må vera midlar til å sikra dei som er unge.
- Er i gang med oppgradering av skulane, planlegg å vera klare til skulestart hausten 2022, har no fått skisser frå Norconsult, og skal ut på anbod med det arbeidet som skal gjerast.

Innspel frå Eldrerådet og RMNF til kommunedirektøren og kommunestyret, i samband med kommunestyret si strategisamling i midten av september (overlevert):

- Realisera planane som ligg klare for ein tursti tilknytt idrettsparken, som kan bli like flott som løypa til Vardetangen.
- Saknar fritidstilbod til dei på mellomtrinnet som ikkje er med i musikk/idrett. Skulle vore fleire tilbod som ungdomsklubben, som er uavhengig av bedehus og liknande.
- Laga møteplass for unge vaksne, ei gruppe som engasjerer seg gjennom borna, men treng tilbod utanom dette. Viktig for å få unge vaksne til å bli verande lengre?
- Kan kollegaer på arbeidsplassane bidra til at dei som kjem hit som rekrutterte, blir verande lengre?
- Må sikra seg arbeidsplassar, vera attraktive for nyetableringar og flytting av verksemder til Austrheim.
- Jobba for betre kollektivtrafikk, særleg i helgene. Siste buss frå Åsane går i 17-tida.
- Må få ordna billettsal på buss til dei som ikkje har smarttelefon med app.

Handsaming i rådet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**ER - 021/21 VEDTAK:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---